



Eldrerådet i Bergen

Dato: 30.04.2014
Vår ref.: 2014/557-27
Saksbehandlar: ingtakl
Dykkar ref.:

Informasjon til eldrerådet i Bergen angående busstopp ved Ulset sjukeheim

Fylkeseldrerådet har motteke kopi av brev frå eldrerådet i Bergen til blant anna samferdselsavdelinga i fylkeskommunen der ein ber om at det vert satt inn eit busstopp ved sjukeheimen på Ulset.

På møtet i fylkeseldrerådet 09.04.14 stilte Nils E. Grude frå Transportplanseksjonen i samferdselsavdelinga for å gje fylkeseldrerådet ein orientering om situasjonen. Her er eit utdrag frå møteprotokollen som dykk kan finne på www.hordaland.no under Politikk og Politiske sakar (e-innsyn):

«Busstopp ved Ulset sjukeheim: Nils E. Grude frå Transportplanseksjonen orienterte fylkeseldrerådet om situasjonen. Stadet som det kommunale eldrerådet ønskjer å bruke til busstopp fyllar ikkje Statens Vegvesen sine krav til busstopp, og det er derfor ikkje mogleg å sette opp eit busstoppskilt der per i dag. Når det gjeld kva busstopp som vert oppført og rehabilitert er dette ein prioriteringsliste som vert gjort for heile fylket. Statens Vegvesen tilrår ikkje at dette stoppet vert prioritert høgt på denne lista. Grude sa at det var ein moglegheit for å kunne få dei naudsynte midlane frå Bergensprogrammet, men det krev ein einigheit mellom Bergen kommune, Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Samferdselsavdelinga i fylkeskommunen vil svare eldrerådet i Bergen.»

Som dykk kan sjå vil samferdselsavdelinga og svare eldrerådet slik at dykk vil få all informasjon. Dette brevet var for å vise at fylkeseldrerådet har teke det opp som ein sak, og at dykk snarast, eller allereie, har fått eit svar frå samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune.

Fylkeseldrerådet ønskjer dykk lykke til vidare i saka.

Margot Bertheussen
Leiar
Fylkeseldrerådet

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Nils E Grude

